

Vaksdal Kommune

v/Tore H Øye

Samfunnsutvikling, rådgjevar Landbruk

4580 Dalekvam

Indre Osterøy Hjortevald.

v/Geir Magne Gammersvik

5727 Stamnes

## **Innspel til endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal Kommune.**

Indre Osterøy Hjortevald er eit av dei største hjortavalda i Vaksdal Kommune. Her er det variert terreng med fine områder for hjort. Her er varierende antall hjort gjennom året. Valdet har ikkje drive hard avskyting av dyr og om mogleg ikkje tatt ut potensialet i området. Valdet har drive seriøst med planarbeid og var tidleg ute med eigen bestandsplan. Det har gjennom alle åra vore drive retta avskyting med fokus på å spara store bukkar og produksjonskoller. Valdet har hatt ein profil med sosialt samvær i hovudsete og hatt hjortejakta som ei spesiell og fin tid av året. Det har vore stort sett jegrar busett lokalt og nokre som har tett tilknytning til området. Me har hatt fokus på at jakta ikkje skal selgjast for pengar til andre jegrar, men at den vert nytta til ein fin opplevelse for dei som fortsatt bur her inne.

Valdet er ikkje einig i endringa som no er fremja og her er nokre innspel:

- Kvifor skal vald som grensar til oss i Vaksdal Kommune ha 1000 dekar pr løyve og tillegg ha muligheit for 50% regel?
- Kvifor skal vald som grensar til oss i Osterøy Kommune ha 300 dekar pr løyve i tillegg til 50 % regelen?

Overnevnte visar at valdet vårt ligg midt mellom områder som har dobbel og tredobbelt uttakk iforhold til oss. Dette meiner me er feil og på grensa til uansvarleg. Det nyttar ikkje for oss å ha ei retta avskyting når naboen skyt alt som kjem. Hjorten trekkjer til og frå våre områder i jaktperioden og det føles heilt feil at me skal spare koller og bukkar når desse aldri kjem att, for andre vald har løyver til å skyte dei.

- Valdet vårt har ikkje så mange naturlege paringsplassar, difor trekkjer kollene naturleg mot desse akkurat når jakta startar. Det være seg over til Kvamme som me har lang

grense mot. Her har dei hatt under 1000 dekar pr løyve i mange år. Det er også ei lang grense mot Stamnes med smale sund som hjorten trekkjer over. Lengre nord er det smale sund mot Mellesdal og Elvik der det er mange brøleplassar. Me ser at dyr trekkjer mot desse områda. Når jakta vart forlenga til jul, kan alle ta ut dyr i indre strøk heile hausten. Dyr som før trekte mot kysten litt ut på hausten er no i fåtall og nesten borte.

- Når det gjeld arealet som valdet disponerar er me ikkje einige i oppmålinga av denne. Me føler at den er strengt målt, der alle småfjell er teke bort. I seinare år er skoggrensa stige oppover og våre fjell er naturlege områder der hjorten oppheld seg like mykje som nede i liane. Det er ikkje noko høge fjell me har, mesteparten er under 500 meter. Kvifor er ikkje desse teljande. I øvre Eksingedalen og Bergsdalen er alt areal over desse høgdene?

Me er ikkje ute etter å få så veldig mange fleire løyver, men at det blir drive jakt som er berekraftig over tid. Det går fort nedover dersom uttaket blir for stort.

Me ynskjer at dei valda som naturleg grensar til oss har omtrent den same tildelinga som oss.

Me føler at valdet vårt som ligg midt imellom alle, er strengt regulert og urettferdig iforhold til andre.

I vårt vald kunne det for eksempel vore 1300 dekar pr løyve og 1200 dekar til nabovalda?

Og Vaksdal Kommune må leggja press på Osterøy at dei tek tildelinga ned på eit nivå som er berekraftig over tid og som gir høgare fellingsprosent. Slik som det har vore siste åra har fellingsprosenten vore svært låg og ei retta avskyting nesten borte. Dei må ta inn over seg at det blir feil når vald som grensar til dei har ei tildeling som er ¼ del av det dei har.

Vaksdal Kommune må også leggja press på Osterøy at dei må retta seg etter vedtak i vald styra og ikkje at kvar einaste grunneigar skal signera når det gjeld ein ny bestandsplan.

Eit område som tilhøyrer Vaksdal Kommune er Mjelde skipreide, på sørsida av Høgafjellet. Her har det vore ein heste handel ein gong i tida, der dei fekk dette området med i eit storvald mot Osterøy. Med Osterøy sitt areal pr løyve. Er dette rett ?

Indre Osterøy Hjortvald ynskjer med dette at minste arealet vert sett lågare hjå oss enn det lagt fram i endringa. Me ynkjer 20 løyver for 2017. Og at Vaksdal Kommune tek omsyn til at arealet til nabovald vert tilnærma lik vår.

Nordgrend 22.02.2017

Geir Magne Gammersvik